



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Rune Engen

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

NETMAL - 26/423

45/4, V21

10.06.2026

Saksnr.	Utval
154/26	Kommunestyret
169/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak

Svar på søknad om nydyrking 45/4

VEDTAK

Kommunedirektøren v/ Leiar av næring, plan og byggesak gjev Rune Engen godkjenning til fulldyrking av ca. 18 dekar på 3453-45/4. Vedtaket gjeld på følgjande vilkår:


1. Tiltaket skal ikkje omfatte areal utanfor den grensa som er oppgjeve i samband med kart (Figur 1).
2. Dersom det i samband med tiltaket vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den grad det rører kulturminne eller deira sikringssoner på 5 meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal sendast til Innlandet Fylkeskommune, avdeling kulturarv, som kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.
3. Overflødige massar som stubbar, stein m.m. skal plasserast slik i terrenget at det ikkje verkar skjemmande.
4. Eventuell grøfting skal gjerast der det er behov. Eigna filtermateriale i grøfter må nyttast.
5. Kommunen skal godkjenne og måle opp arealet før det inngår i søknad om produksjonstilskot. Arealet blir ikkje godkjent for produksjonstilskot før den sesongen det gjev avling som vert hausta eller beita.
6. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 3 år, fell løyve til nydyrking bort.

Bakgrunn for saka

Rune Engen søker om godkjenning av plan for nydyrking av rundt 18 dekar på gnr/bnr 45/4 i Øystre Slidre kommune.

Saksopplysningar

Rune Engen søker om godkjenning av plan for nydyrking av totalt 18 dekar på gnr/bnr 45/4 i Øystre Slidre. Den omsøkte nydyrkinga er merka av på kart (Figur 1).




Figur 1. omsøkt areal

Det omsøkte arealet er i dag ein skogteig med både låg og middels bonitet. Planlagt dyrka areal har usamanhengande eller tynt dekke av morenemateriale. Det er ikkje registrert natur eller kulturlandskapsverdiar i konflikt med tiltaket, og heller ikkje registrert kjende friluftslivtrasear. Det er registrert eit freda kulturminne (kolgrop) på det omsøkte arealet (Figur 2).



Figur 2. Kulturminne på omsøkt areal. Omsøkt areal er markert i raudt.

På øvste del av arealet er det registrert orrfugl og storfugl. Dette er vist i figur 3.



Figur 3. Registrering av orrfugl og storfugl på delar av arealet.

Søkjar eig og driv landbrukseigedom 45/4, som har eit fulldyrka areal på 44 dekar, overflate dyrka areal på 18 dekar, innmarksbeite på 6 dekar og produktiv skog på 94 dekar. Drifta er saueproduksjon med om lag 50 vinterføra sau. Driftsbygninga er eit tradisjonelt fjøs frå 1950-talet med låve. Driftsbygninga er under ombygging i 2025-2026. Etter ombygging er planen å auke med 10-15 dyr. Føretaket har i dag tilstrekkeleg spreieareal.

Planen med det omsøkte arealet er å så eng og hauste gras på det. Det gjev moglegheit for meir beite på hausten. Engen skriv i sin søknad at det meste av eksisterande areal på eigedomen blir beita vår og haust, så det vert avgrensa med avling på fyrste slått om sommaren. Engen skriv vidare at det vil vere stor fordel å få dyrke eit eige stykke, då det er vanskeleg å få tak i leigejord. Engen skriv at nydyrkinga vil vere bra for å auke ressursane for framtida.

Arealet er planlagt dyrka ved å frese vekk stubbar og fjerne nokre av dei med gravemaskin. Arealet er planlagt å bli overflate fresa og pløgd med dyrkingsplog. Stein og fjell skal bli grava med gravar og bli fyllmasse i søkker i terrenget for å jamne ut stykke der det trengs. Skogen på arealet er hogd. Dette er vist i figur 4. Søkjar opplyser at feltet i dag består mest av blåbærlyng og småkratt som har vokse opp att.



Figur 4. Det omsøkte arealet er ein skogteig som er hogd. Flyfoto sep. 2024.

Etter forskrift om nydyrking, fastsett av landbruksdepartementet 2. mai 1977 med heimel i Jordlova (Lov av 12. mai 1995 nr 23) med seinare endringar, kan nydyrking berre skje etter plan godkjent av kommunen. Etter § 5 i forskrifta skal det leggjast vekt på korleis tiltaket påverkar natur- og kulturlandskapsverdiane i området. Dette gjeld landskapsbiletet, naturmangfald og kulturminne. Styrking av driftsgrunnlaget på eininga skal vurderast, om det ligg til rette for driftsmessige gode løysingar. Det skal ikkje bli gjeve løyve til nydyrking ut mot vassdrag utan at det blir sett att ei vegetasjonssone. Tiltaket skal vurderast i høve til naturmangfaldslova. Kapittel II, «allminnelige bestemmelser og bærekraftig bruk», med pålegg om å opptre aktsamt og gjere det som er rimeleg for å unngå skadar på naturmangfaldet.

§ 6 Alminnelege krav om berekraftig bruk pålegg alle å opptre aktsamt, og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfald i strid med måla i §§ 4 og 5. Blir det utført ein aktivitet i høve til løyve gjeve frå offentleg mynde, skal plikta til aktsemd sjåast som oppfylt dersom føresetnadane for løyve framleis er til stade. Det som skal leggjast til grunn for vurderinga er gjeve i lovas §7 (Prinsipp for offentleg avgjersle i §§ 8 – 12).

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Offentlege slutningar som rører naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, byggje på vitenskapelig kunnskap om artar sin bestandssituasjon, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, samt effekt av påverknadar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg høve til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Ein reknar ikkje at omsøkt tiltak vil påverke artar eller andre særleg viktige naturkvalitetar i større grad.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Etter vurderingar gjort etter § 8 treng ikkje føre var-prinsippet i § 9 særleg vektleggjast i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Ein påverknad på økosystemet skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Tiltaket sin belastning er vurdert til å vere liten.

§ 11 Kostnadar ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar: Tiltaket er vurdert til å ikkje føre til skade på naturmangfaldet på slik måte at tiltakshavar blir pålagt å dekke kostnadar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Det blir ikkje sett spesielle krav til driftsmåte. Arealet er planlagt nytta til grovfôrproduksjon/gras.

Generell vurdering

Jordsmonnet og produksjonsvilkåra gjer arealet eigna til fulldyrking. Arealet ligg nær veg, så tilkomst til planlagt nydyrkingsreal er uproblematisk. Det vert sett på som gunstig at søkjar får meir eigd dyrkingsareal. Søkjar må ved tiltaket ta omsyn til naturlege dreneringslinjer i området, og må ut frå lokal kjennskap vurdere om det er nødvendig med eventuelle grøftingstiltak.

Vilt

Delar av omsøkt tiltak skal skje i yttergrensa av eit registrert leveområde for orrfugl og storfugl. Både orrfugl og storfugl er vurdert som livskraftige artar, sist i 2021. Verken orrfugl eller storfugl er ein ansvarsart, og ingen av dei er freda. Omsøkt areal er ein skogteig som nyleg er hogd. Då omsøkt areal ligg heilt i yttergrensa av leveområde, og både orrfugl og storfugl er vurdert som livskraftig vert det vurdert at omsøkt tiltak ikkje vil påverke naturmangfaldet i så stor grad at det ikkje kan bli gjeve løyve til nydyrking.

Friluftsliv

Tiltaket er vurdert til ikkje å påverke negativt med omsyn til friluftsliv.

Landskapsbilete

Etter kommunen sin vurdering vil ikkje landskapsbiletet bli negativt påverka av tiltaket. Oversikt av landskapsbilete er vist i figur 5. Overflødige massar av stubb, stein m.m. skal plasserast/fjernast slik at det ikkje verkar skjemmande, derunder eventuelt opplag i røys. Med omsyn til blant anna landskapsbiletet skal det settast att ei naturleg vegetasjonssone på minst 6 meter langs vassdrag på det omsøkte arealet.



Figur 5. Landskapsbilette.

Kulturminne

Det er registrert kjente kulturminne på omsøkt nydyrkingsareal. Det ligg ei kjend kolgrop på det omøskte arealet. Det vart sendt eit førebels vedtak til kulturavdelinga til Innlandet Fylkeskommune. Innlandet Fylkeskommune har kome med følgande tilråding:

I samband med søknad om godkjenning av plan for nydyrking på gnr/bnr 45/4 i Øystre Slidre kommune gir me løyve til å fjerna automatisk freda kolgrop id 312749, jf. søknaden og kart under. Det blir ikkje stilt vilkår om arkeologisk undersøking av kulturminnet før tiltaket kan setjast i verk.

Arealet er sjekka i tilgjengelege databasar. Dersom det i samband med tiltaket vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den grad det rører kulturminne eller deira sikringssoner på 5 meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal sendast til Innlandet Fylkeskommune, avdeling kulturarv, som kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.

Ynskje om styrking av driftsgrunnlaget til eigdommen

Landbrukseigdommen er etter kommunen sin bruksstruktur i dag eit middels stort bruk. Tiltaket vil vere positivt for framtidig drift. Det vil vere gunstig for eigdommen å få meir areal til grasproduksjon.

Klima

Tiltaket blir vurdert å ikkje ha vesentlege negative konsekvensar for klimaet.

Konklusjon

Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak meiner etter ovannemnte vurdering at nydyrkinga kan godkjennast på visse vilkår.

Tiltaket skal ikkje omfatte areal utanfor den grensa som er oppgjeve i samband med kart (Figur 1).

1. Dersom det i samband med tiltaket vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den grad det rører kulturminne eller deira sikringssoner på 5 meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal sendast til Innlandet Fylkeskommune, avdeling kulturarv, som kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.
2. Overflødige massar som stubbar, stein m.m. skal plasserast slik i terrenget at det ikkje verkar skjemmande.
3. Eventuell grøfting skal gjerast der det er behov. Eigna filtermateriale i grøfter må nyttast.
4. Det skal settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag fri for inngrep. Vegetasjonssona skal vere på minst 6 meter.
5. Kommunen skal godkjenne og måle opp arealet før det inngår i søknad om produksjonstilskot. Arealet blir ikkje godkjent for produksjonstilskot før den sesongen det gjev avling som vert hausta eller beita.
6. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 3 år, fell løyve til nydyrking bort

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Malin Kyrkjeeide Neteland
Landbruksrådgjevar

Vedlegg

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar